

ÅRSMELDING FIN 2018

Årsmøte 2018

Årsmøtet i Flora Industri og Næringsforening vart halde 25. april 2018, på Quality Hotel Florø. 30 personar møtte fram på årsmøtet.

På årsmøtet vart følgjande styre valt:

Leiar	Gustav Johan Nydal (ny) vald for 2 år
Nestleiar	Tore Havn (ikkje på val)
Styremedlem	Thor Arne Ullaland (attval) vald for 2 år
Styremedlem	Marianne Ullaland Knapstad (ny) vald for 2 år
Styremedlem	Kristin Bergstøl Hansen (ikkje på val)
Varamedlem	Roald Førde (attval) vald for 1 år
Varamedlem	Janicke Svendal (ny) vald for 1 år

Som valnemnd vart Siv Merete Stadheim (attval), Kjetil Søvik (ny) og Bjørn Hollevik (ny) valde for 1 år. Valkomiteén konstituerer seg sjølv.

Årsmøtet valde å ikkje ha revisor i 2018, sidan rekneskapen er ført av autorisert rekneskapskontor, og vi etter nye reglar ikkje er revisjonspliktige.

Bjørn Hollevik vart takka for god innsats – som leiar sidan 2006 – med blomster og gåveoverrekking.

Årsmøtet gav tilbakemelding til styret om å fortsette arbeidet med å utvikle samarbeidet med næringsforeninga i Førde, Måløy Vekst i Vågsøy og næringslivet i Bremanger. FIN bør ta ansvar for å påverke næringsutviklinga i nye Kinn kommune.

Temamøte:

Etter årsmøtet orienterte Tor Øyvind Aa frå Brødrene Aa om verksemda – litt om historie og tilpassing til nye marknader og det grøne skiftet. Til slutt fortalde han om satsinga og planane for vidare satsing på Nesjane i Eikefjord.

Styrearbeid

Sidan årsmøtet 25.4.2018 har styret i FIN hatt 6 styremøter og handsama i alt 17 saker

Dei viktigaste sakene har vore:

- Utarbeiding av nytt arbeidsprogram for 2018 – 2019
- Oppfølging av arbeidet i Aksello
- Planlegging av julemøte 28. nov.
- Innspel til organisering av hamnene i Kinn kommune
- Samarbeid med NOREC
- Innspel til Flora kommune sitt budsjett 2019
- Møte med Widerøe, og innspel til flyrutene
- Innspel til Flora kommune vedr næringsareal
- Innspel til Flora kommune vedr trafikkproblem i Florø sentrum

Arbeidsprogram 2018

I arbeidsprogrammet for 2018 hadde FIN fokus på arbeidet med å sikre næringslivet og private tilgang på nærings- og bustadareal. Oppfølging av kommunedelplanar har difor vore viktig. Havnæringa og det grønne skiftet er eit anna punkt som FIN hadde fokus på i arbeidsprogrammet. Dette har vi også sett i samanheng med behovet for å få ei havbruksutdanning til Florø i tilknytning til ingenørutdanninga. For å bidra til næringsutvikling ser FIN det som avgjerande å støtte Aksello sitt arbeid og delta aktivt i deira felles møteplassar. Kommunikasjonar er ein viktig del i arbeidsprogrammet, og FIN har engasjert seg sterkt i både flyplasstilbodet, hamneutviklinga og trafikksituasjonen i sentrum.

Oppfølging Aksello

Etter at styreleiar i Aksello (som slutta i Westcon) trekte seg, presiserte styret i FIN at det er viktig å få ein styreleiar i Aksello som er framtidsretta og engasjert. Det er ei viktig rolle for næringslivet i Flora. Styreleiar må vere ein pådrivar for endringa og utvikling – og ikkje minst for å få høgskuleutdanning til Flora. FIN gjekk inn for at Bjørn Hollevik fungerer som styreleiar fram til ordinær generalforsamling i Aksello i 2019.

FIN vil påverke Aksello til å jobbe spesielt med å få nye utdanningsplassar til Flora – gjerne innan havbruk.

FIN ser det som naturleg at aksjonæravtala i Aksello vert oppheva. Den var viktig i oppstarten, no er den utgått på dato. Ein må gå gjennom vedtektene og føreslå eventuelle endringar i vedtektene til neste generalforsamling.

Organisering av hamnene i Kinn kommune:

FIN kom med innspel til fellesnemnda for Kinn kommune vedrørende organisering av hamnene i Kinn kommune. FIN ser det som ein stor fordel – pga. den store aktiviteten i Florø - at hamnene vert samla i eit felles kommunalt foretak, med hovudkontor i Florø.

Bakgrunnen for dette standpunktet er at:

- Det er unaturleg å ha to konkurrerande hamneselskap i same kommune.
- Eit felles selskap vil styrke hamnene.
- Florø og Måløy har ulike funksjonar, og vil få betre utvikling i felles selskap.
- Flora Hamn er størst og har størst næringsverksemd knytt til hamna.
- Måløy kan bli leiande i Nordfjord og Florø i Sunnfjord - i eit felles selskap – utan å konkurrere med kvarandre.
- Kinn Hamn må fortsette samarbeidet i Alden Hamneområde, og ha eit tettare samarbeid med Bremanger.
- Det er få synergjar / fordelar med å bli ein del av Nordfjord Hamn.

Samarbeid med NOREC (Fredskorpset)

Etter samtalar med Norec – og etter foredrag på julemøtet, meiner FIN at dei kan vere ein viktig bidragsytar og samarbeidspart for det lokale næringslivet. Norec har 30 tilsette i Førde, og dette talet vil truleg auke. Dei skal kartlegge og ønskjer kontakt med næringslivet rundt om i distrikta i Norge - og kan vere ein viktig bidragsytar til kultur- og kunnskapsutveksling med næringsliv i utlandet. Dette kan m.a. vere utveksling av tilsette mellom leverandørar / kundar i verksemdar i Norge, Afrika, Latin-Amerika og Asia.

Innspel til arbeidet med kommunedelplan

FIN skulle etter planen komme med innspel til KDP Florelandet – Brandsøy, men bystyret fatta vedtak om ny tidsplan for kommunedelplana. Her vil det m.a. vere fokus på næring, bustad, flyplass og mogleg ny veg mellom Havhesten og Kinnvegen. FIN utsette behandlinga av dette til det blir aktuelt.

Julemøte FIN og NPF Sogn og Fjordane (Petroleumsforeninga)

Møtet hadde god oppslutnad med rundt 60 fram møtte. Fjord Base og Saga Fjordbase informerte om endringsarbeidet som førgår på basen. NOREC (Fredskorpset) orienterte om sitt arbeid, og moglegheitene for det lokale næringslivet til internasjonalt samarbeid og utveksling.

Flyrutene / Widerøe

Styreleiar har delteke på møter med Widerøe i lag med representantar frå kommunen og oljenæringa. Hovudmålet for FIN har vore å få tilbake FOT-ruter i Florø og å få eit meir forutsigbart flytilbod. For å få ei meir fullstendig oversikt over kva medlembedriftene ønskjer når det gjeld rutefrekvens laga FIN ei spørjeundersøking, med følgjande tema:

- Tidspunkt for morgonflyet – fordel / ulempe med tidleg avgang.
- Tidspunkt ettermiddagsflyet.
- Tidspunkt kveldsflyet Oslo / Bergen.
- Vidare reise / korrespondanse frå Oslo / Bergen.

Heile 23 av rundt 70 medlemmar svarte på spørjeundersøkinga, og mange har gitt grundige og godt begrunna svar.

FIN sendte uttale til Widerøe om ruteopplegget på Florø Lufthavn, på bakgrunn av denne undersøkinga;

- **Regularitet og pris:** Prisane er for høge og regulariteten uforutsigbar. Ønskje om likt rutetilbod alle dagar i veka, heile året. FOT-rutene tilbake.
- **Morgonflyet Florø – Oslo:** Trenden er at bedriftene er fornøgde med tidspunktet for morgonflyet, som i dag går kl. 6.20. 14 av 23 vil ha avgang som i dag. Dei som vil ha flyet seinare argumenterte med båt frå øyane og Måløy.
- **Ettermiddagsflyet Oslo – Florø:** Her er 13 av 23 fornøgde med dagens tidspunktet – kl. 16.55, dei andre ønskjer avgang ca. 1 time seinare.
- **Kveldsflyet Oslo – Florø:** Her ønskjer 14 av 23 seinare avgang enn dagens kl. 20.15. Dei fleste 1 time seinare, men og nokre som ønskjer 2 timar seinare avgang.
- **Kommentarar Florø – Oslo – Florø:** Bedriftene melder at prisane er for høge og at det for ofte er kanselleringar. Rutene er uforutsigbare og frekvensen for låg. Ein ønskjer likt rutetilbod alle dagar i veka / heile året. Medlemmane ønskjer FOT-rutene tilbake.
- **Kommentarar Florø – Bergen – Florø:** Mykje likt kommentarane til Oslo-rutene. Bedriftene etterspør ein seinare flyavgang frå Bergen.

Leiaren i FIN var også ute i media og argumenterte for FOT rutene, og kritiserte at lufthavnenen i Førde og Florø ikkje blir behandla likt.

Ny rutetabell Widerøe fom. 1.4.2019

FIN har stilt seg positiv til dei nye rutene til Widerøe, som skal gjelde frå 1. april 2019.

Samtidig har FIN bedt om at rutene må bli forutsigbare og gjennomførte etter planen – i heile perioden.

Innspel til FK sitt budsjettforslag vedrørande næringsutvikling:

FIN føresler at delar av midlane frå Havbruksfondet blir brukt til næringsutvikling – minimum 5 – 10 millionar.

Innspel til Flora kommune vedrørende næringsareal

Behovet for næringsareal er ein gjengangar i FIN sitt arbeid. FIN har oppfordra Flora kommune om å oppdatere lista si over tilgjengeleg areal – på eiga nettside.

Samtidig har FIN presisert at det er viktig å sjå samanheng mellom tilgjengeleg næringsareal og kommunikasjonar / transport. Fleire av dei tilgjengelege areala i kommunen har ein svært vanskeleg og kronglete tilkomst. Dette gjeld spesielt sambandet mellom Gunhildvågen og Fugleskjerskaia samt austover ut av sentrum - der ein må køyre gjennom Markegata og Lindheimsvegen / Stadionbakken.

Styret i FIN har på det sterkaste oppfordra kommunen om å få fortgang i å utbetre dei flaskehalsane som er på desse vegstrekningane. FIN er kjende med at reguleringsplanen for Lindheimsvegen / Stadionbakken er på plass, og då er det viktig å få effektuert dette vedtaket mellom anna ved å få fylket i gang med sin del av arbeidet, slik at næringslivet og andre trafikkantar kan ferdast på enkel og trygg måte.

Victoria krysset er også eit stort hinder for bruk av Kinnvegen som tilkomst til og frå Gunhildvågen. Når det gjeld utbetring av Markegata, som må inn i NTP, må kommunen vere i forkant og arbeide aktivt for å få dette prosjektet inn i NTP ved neste rullering. Ein må legge klare planar for korleis ein kan få på plass ei naudsynt delfinansiering lokalt, for å få gjennomført prosjektet så raskt som råd er.

Innspela til kommunen har gått via brev og presseoppslag.

Parkering store køyretøy

På grunn av reglane om køyre- og kviletid er det stort behov for parkeringsplassar for store køyretøy. FIN tok dette tema opp med kommunen første gong i januar 2018, der ein ba om at kommunen måtte starte arbeidet med etablering av parkeringsplass, slik det er sagt i samfunnsdelen i gjeldande kommuneplan. Mange av medlemsbedriftene i FIN har avgrensa område til dette på eigne areal. Reglane rundt køyre- og kviletid gjer at når køyretøya kjem så blokkerer dei for vanleg lasting og lossing - fordi dei kan ikkje flyttast ei viss tid etter dei har parkert.

I samband med utviding av Amfi har dette komme tydeleg fram. FIN og og spesielt Slakteriet har engasjert seg i dette arbeidet. Det er gjort fleire framstøt i forhold til kommunen og Florø Parkering, utan at ein har komme fram til ei tenleg løysing. Florø Parkering har etter fleire rundar foreslått å bruke Hamregata til føremålet. Før dette kan gjennomførast må det leggast fram ei ROS-analyse. Slakteriet har blitt spurt om å finansiere ei slik analyse, men både dei og FIN ser det som urimeleg sidan analysen er knytt til offentleg veg og ikkje til ei spesiell bedrift.

Organisering

Kinn Regnskap AS har også i 2018 vore forretningsfører for FIN. A til Å v/ Anita Øygard har vore engasjert for å utføre sekretærfunksjonen i FIN.

Medlemsutvikling FIN hadde 70 medlemsbedrifter pr. 31.12. 2018.

Møteaktivitet

Utover styremøter har foreininga har hatt eitt ope medlemsmøte i løpet av dette arbeidsåret. Dvs. felles julemøte med Petroleumsforeninga. Representantar frå FIN har delteke på ein del konferansar, arrangert av Maritim Forening SF, Petroleumsforeninga og Fylkeskommunen. Det har vore arrangert månadlege frukostmøte i arbeidsåret, i regi av Aksello. FIN ser på dette som eit viktig supplement til aktiviteten i FIN. Aksello si rolle som lokal næringsutviklar og regional inkubator er avgjerande viktig for utviklinga av næringslivet i kommunen. Som største eigar foreslår styret i FIN at vi også i år bidreg med kr 100.000 i driftsstøtte til Aksello.

Styreleiar i FIN har delteke på fleire møter i 2018 i samband med flyplass saka med Widerøe, kommunen og oljenæringa, møter med Måløy Vekst, Førde Næringsssamskipnad, og Norec. Leiar har også delteke i arbeidet med utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel i Kinn kommune med fokus på næring og samferdsle. Leiar har også hatt fleire utspel i media vedrørende næringsareal, trafikkbilde og flyplass saka.

Florø 6. mars 2019

Gustav Johan Nydal
Leiar FIN

Tore Havn
Nestleiar

Marianne Ullaland Knapstad
Styremedlem

Thor-Arne Ullaland
Styremedlem

Kristin Bergstøl Hansen
Styremedlem